

## Tofterøy skule utviklar kunstprosjekt saman med universitet i Storbritannia

Lokal kultur, identitet og ny kompetanse er stikkord når Tofterøy skule skal bidra til Kaisess-arrangementet i Trellevik til våren. Elevane vil arbeide saman med masterstudentar frå the University of Edinburgh; Edinburgh College of Art, UK. fram mot presentasjonar på Kaisess 24.april 2010.

Mykje av førebuingane vil skje over internett, og skulen reknar med å heve den digitale kompetansen sin gjennom aktivitetane.

Også Universitet i Bergen vil følgje prosessane på Tofterøy skule. Professor Mary Bente Bringslid frå institutt for sosialantroplogi vil vera observatør bl.a. for å sjå på moglege vidareføringar i etterkant av Kaisessprosessane.

Gode Sirkclar samordnar og koordinerar kontaktane mot Kaisess, PIN og universiteta.

## Energigiganten Øygarden får verdas største vindturbin - Blomvåg skule er SMART saman med Sway og Gode Sirkclar

5. og 6.klasse ved Blomvåg skule vil ta del i Ungt entreprenørskap sitt program for kreative energiløysingar, SMART, no i vår. Samstundes er Sway komen eit stort steg nærare realisering av testvindmølla i næringsparken på Kollsnes. Med ei løyving på 137 millionar frå Enova, er prosjektet langt på veg finansiert, og ein 10MW vindturbin vil stå ferdig om eit par år. Turbinen blir den største i verda i sitt slag, og blir testanlegg for Sway sitt unike konsept for vindturbinar til havs.

Elevane på skulen skal eksperimentere fram energiløysingar, og vil få hjelp av Sway. Øygarden blir sentral i Europa både når det gjeld energimengder, og teknologiske løysingar i forskingsfronten. Med Prototech si brenselcelle, Gasnor og BKK sitt kogenanlegg, terminalane til Statoil og no vindturbinen, har skulen mykje å hente rundt seg. Gode Sirkclar knyter kontaktane og bidrar til undervisninga, som kan bli modell for teknologilæring i skuleverket i heile regionen.

## God start for Guideservice

32 deltakarar starta Guidekurset med eit engasjerande foredrag av historikar Egil Christophersen frå Museum Vest og eit underhaldande innslag av geologen Øystein J. Jansen frå Universitetet i Bergen. Kursstart fann stad på Nordsjøfartsmuseet i Telavåg med omvisning av avd. leiar Jenny Heggvik ved museet. En svært god start for oppbygginga av guidetenesta, som har tilknytning både til Perler I Nordsjøløypa, Museum Vest og reiselivssatsinga Kysteventyret.

## Suksess for Kysteventyret på reiselivsmessa

Reiselivsportalen for Sund, Fjell og Øygarden, Kysteventyret, markerte seg sterkt under reiselivsmessa i Grieghallen 22.-24.januar. Regionen er ny destinasjon i Hordaland, noko media fekk med seg og markerte med positiv omtale over fleire dagar. Regionen markerte seg sterkt også elles på messa. Øygarden var spesielt synleg med 6 utstillarar, inkludert kommunen.

## Vestlandsforteljingar, eit historieforteljingsprosjekt på Sotra og i Øygarden

I sju veker frå og med 1. august 2010 og framover kan ein på Sotra og i Øygarden møte opp og høyre ei vestlandsforteljing. Tre av desse forteljingane kan ein høyre ved dei tre musea i regionen. Hos Cornelius på Holmen ved Bjørøy blir det ei vestlandsforteljing, og på øya Hernar heilt nord i Øygarden kan ein óg få oppleve det same. Tidspunkt og oppmøtestad for dei ulike forteljingane vert kunngjorte på eit seinare tidspunkt. Kvar forteljing vil vare i om lag 45 minutt, og publikum vil flytte seg ikring etter kva temaet tilseier. Ei matoppleving eller ein aktivitet kan óg vere med i forteljinga.



Islandske Eva Ísleifsdóttir er ein av kunstnarane du kan møte på Kaisess og kanskje skal vi få oppleve vaiande kunst på Kaisess i år?

## Region og regionaliseringsprogrammet på UiB med i utviklingsarbeidet i regionen

Gjennom programmet Bølgjekrefter har Gode Sirkclar tatt kontakt med eit av UiB sine seks prioriterte forskingsprogram, Region- og regionalisering. Samarbeidet kan føre til deltaking frå UiB si side i prosjekt som gjeld samfunns- og næringsutvikling, knytte til den store veksten og utfordringane i regionen

## Sund Ungdomsskule i omfattande program med Statoil

10. trinn ved Sund Ungdomsskule avslutta i januar eit undervisningsprogram der både Statoil, Vilvite, Universitetet i Bergen og Veolia er mellom samarbeidspartnarane. Det er andre året heile klassesteget gjennomfører programmet. Elevane får besøk av ein plattformsjef, dei er på yrkesorientering på Sandsli, besøker oljeboringsinstallasjonen på Vilvite og får undervisning om plaststoff - mellom mykje anna. UiB og Gode Sirkclar har vore med i utviklinga av metodisk og praktisk gjennomføring, med støtte frå Sparebanken Vest sitt allmenntilgjengelege fond, Visjon Vest. Erfaringar og dokumentasjon kjem på ei eiga nettside for Undervisning i utstilling, som UiB utviklar basert på dette og andre program som er utprøvde med skular i Gode Sirkclar sitt område.

## Luftskipet

Bygginga av Luftskipet nærmar seg ferdigstilling, men framdrifta er noko seinka pga. av snø og kulde på Austlandet. Opphavleg plan tilsa overtaking 15. februar. Konstruksjonen befinn seg no hos Helly Hansen i Moss der trekking av duk og det avsluttande arbeidet skal gjennomførast så snart veret tillet det. Opningsarrangementet skal etter planen haldast på området til Gjerdet kulturminnegard 10.april der Luftskipet skal stillast opp. Programmet for opninga femnar bredt: Frå utstillingar til konsertar, og med medverknad frå både nasjonale og internasjonale kunst- og kulturmiljø.

